

17. mai gudsteneste og minnemarkeringar.

17.05.2017



Ewy Lakselv og Deimante Zemaitaityte la ned minnekrans på Bautasteinen.

Det har så langt vore ei stilfull og prikkfritt gjennomført 17. mai. Med hurrarop og utdeling av konfekt i kyrkja fekk nasjonaldagen ein uventa og gild start. Røysterett for Alle fekk oss alle i vårstemning med Blix sin salme No livnar det i lundar. og Sommerå Vårsøg. Talen i kyrkja er henta frå Lukas.kap 1: Guds miskunn varer frå slekt til slekt. Del to frå 17. mai feiringa kjem seinare i kveld.

Soknepresten. Lina Håland, la vekt på at fred og fridom ikkje er sjølvsgt. Alle vi, som bur i dette landet, har flaks. Vi kan ta mot ei gåve frå Gud, ei gåve vi skal forvalta på den beste måten. Konfektutdelinga i kyrkja i dag var ei lita gåve, ein synleg og konkret måte i formidlinga, noko born og vaksne sette stor pris på.



[Klassen frå Uskedal skule er klar til framføringa av Gausvik sitt dikt Ved bautasteinen.](#)

Tradisjons tru las 5. klasse diktet Ved Bautasteinen av Olaf Agnar Gausvik der soldatane frå Uskedalen i ufreden 1807 - 1814 er skildra. Uskedal musikk spelte og stod for tonefyllgje til songane.

I minnetalen på Stemneplassen av Geir D. Marthiniusen hadde tittelen: Arven etter 9. april og organisasjonen MILORG. Forsvaret i Noreg er i sterk endring med mellom anna nedbygging av Heimevernet. Sjøheimevernet er stort sett nedlagt, men operativt når det trengst. Styrk HV, fordi det er eit landsdekkande forsvar med sterk forsvarsvilje, sa Mathiniusen i sin minnetale.

Det var godt frammøte til folketoget, som gjekk ruta over Dønhaug med stopp på Friluftsplassen, før toget enda opp med leikar og festprogram i Aktivitetshuset.



[Geir D. Marthiniusen framførte ein sterk og god tale på Stemneplassen.](#)

Tekst, foto og nett: Kristian Bringedal



Røyserett for Alle syng i to bygder, men sviktar ikkje gudstenesta i Uskedal kyrkje. Musikalsk leiar i dag var Ingvild Toskedal.